



Trond Gaustad
Gaustad 10
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18065 - 20/76594

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
01.12.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 339/39 Gaustad

Tiltak: garasje
Byggjestad: Gbnr: 339/39
Tiltakshavar: Trond Gaustad
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.11.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Garasje er plassert med ei minsteavstad til midtveg for fylkesveg på 43 meter. For desse vegane er det ei byggjegrænse på 50 meter midtveg, og det må difor søkjast til fylkeskommunen i Vestland om dispensasjon frå byggjegrænse mot veg. Søknadsskjema finn du her: <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggjegranser/send-inn-soknad-om-dispensasjon-fra-byggjegranser>

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **05.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trond Gaustad

Gaustad 10

5919

FREKHAUG